

Til stades: Lars Tore Rudlende, Anine G.J.Vatne, Aud Ramona Langås, Bernt Rune Sandrib, May Gunn Eiken, Siri Eiken

Forfall: Audun Meland, Tjøl Eiken, Oddvin Nøkland

Sak 58/22: *Godkjenning av innkalling og saksliste* – ingen merknad.

Sak 59/22: *Underskrift av førre møtebok* – Bernt Rune og Anine

Sak 60/22: *Lysmessa*

Samklang kommer og spiller. Nina Iren og Nelly har sagt ja til å synge. Vi prøver å få tak i fleire songkrefter.

Sak 61/22: *Årsplan bedehus- kyrkje.*

Vi har sett opp konfirmantfest 7. mai. Vi vil gjerne låne bedehuset. Det er søndagsskule på bedehuset den dagen. Vi må avtale med dei om det er mulig å rigge i møtesalen på førehand.

Meny er taco og kaker.

25. juni ynskjer vi å arrangere friluftsgudsteneste på f.eks Hekkfjellet, saman med Hægebostad menighet. Vi håper at dagsturhytta på Hekkfjellet er åpen då.

Sak 62/22: *Menighetens julefest.*

Arrangeres fredag 6. januar.

På menyen er kylling, karbonader m/ tilbehør + kaker. SR ordner den varme maten + brød. Vi prøver å oppfordre folk via FB/ Lygnanytt til å bidra med å lage salater/kaker. Frist 13.desember for å melde seg.

Manglar framleis songkrefter.

Sak 63/22: *Møte på Feda 24.januar.*

Siri stiller + evt. ein til dersom nokon har lyst.

Sak 64/22: *Valkomite i Eiken sokn*

SR har nokon tankar om dette, og tar kontakt med enkelte som det kan være aktuelt å involvere.

Sak 65/22: *Aktuelt i kyrkjelyden*

Det er fint om nokon kan bidra med transport til gudstenester for dei ukrainske flyktningane som er busett i Eiken.

Vi har fått invitasjon til å vere med på juleaksjon i samarbeid med frivilligsentralen, Røde kors og dei andre menighetane. Vi ynskjer å delta på dette, og foreslår å støtte med eit beløp på kr. 3000.